



Riksantikvaren
Postboks 8196 Dep.
0034 OSLO

Dato: 29.05.2015
Vår ref.: 2014/495-8
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.:

Høyringsmerknad til forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - eigedomar i Klima- og miljødepartementets landsverneplan

Me viser til ovannemnde forslag til forskriftsfreding. Eit av anlegga som er føreslått freda ligg i Hordaland, nemleg Kjeholmen i Fitjar. I møte den 19. mai 2015 vart spørsmålet om freding av denne eigedomen handsama av Fylkesutvalet i Hordaland, som fatta følgjande samrøystes vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Kjeholmen i Fitjar kommune.

Fylkesutvalet viser til rundskriv frå Riksantikvaren frå 2013 "Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven. Rundskriv - 27.09.2013 (endret 20.05.2014)", som gjev klare signal om at dispensasjonshandsaming av freda hus skal vere løysingsorientert og ikkje leggje unødige band på bruk av den aktuelle eigedommen.

Fylkesutvalet meiner at fredinga må leggje vekt på at eksisterande bruk skal kunne vidareførast, eventuelt at det kan leggjast til rette for ny bruk og at forvaltninga skal vere imøtekommande ved endringar, til dømes ved endring av kjøken og våtrom.

Med helsing

Erlend Hofstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.